

Utval: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje i fylkeshuset
Dato: 19.01.2016
Tidspunkt: 11.00-14.35

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A	
Siri Klokkestuen	Medlem	A	
Espen Berntsen	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Gunnar Bakke	Medlem	Frp	
May Eva Sandvik	Medlem	H	
Beate Husa	Leiar	KrF	
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	Sp	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Neshe Lie	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H
Geir Kjell Andersland	Medlem	V/MDG

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti
Christer Lilleskare Olsen	Neshe Lie	H
Ingen vara møtte	Olav Kvinge	H
Ingen vara møtte	Geir Kjell Andersland	V/MDG

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Ronny Skaar	Seksjonsleiar/utviklingssjef – kultur- og idrettsavdelinga
Britt-Karen Spjeld	Seksjonsleiar Idrett og friluftsliv – kultur- og idrettsavdelinga
David J. Aasen Sandved	Kst. fylkeskonservator – kultur- og idrettsavdelinga
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Sølve Sondbø	Klima- og naturressurssjef – regionalavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabssjef – kultur- og idrettsavdelinga
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet – øk. og org.avdelinga

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 3/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/16	Planrapport 2014 - regional og kommunal planlegging i Hordaland - orientering	2015/11773	
RS 2/16	Folkevaldopplæring med tema verdsarven Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjorden Verdsarvpark	2014/363	
RS 3/16	Prosjekt - Kulturminneplaner i kommunane 2013-2016 (KIK) - Invitasjon til samarbeid og utlysing av midlar i 2016	2014/673	
RS 4/16	Overføring av forvaltningsansvaret for tidligere statseide Entra eiendoms eiendommer fra Riksantikvaren til regionalforvaltningen	2014/495	
RS 5/16	Invitasjon fra Lofoten mot Sellafjord til InfoArena 2016 i Stamsund 23. juni	2014/20599	
RS 6/16	Invitasjon til innspel seminar om pengespel	2016/2	
RS 7/16	Endringar i energiloven § 4-2 om utanlandsforbindelser	2014/22282	
PS 4/16	Skisseprosjekt for ombygging av Sentralbadet	2015/4446	
PS 5/16	Regional transportplan Hordaland 2018-2028 - vedtak av planprogram	2015/535	
PS 6/16	Miljøprogram 2016	2015/11975	
PS 7/16	Høyringsuttale – ny forskrift om insentivordning for film- og serieproduksjonar	2015/12882	
PS 8/16	Høyringsfråsegn kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016 -2026 - Radøy kommune	2015/12781	
PS 9/16	Høyring Kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet 2015-2022 Bømlo kommune	2014/21484	
PS 10/16	Høyringsfråsegn kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv Eidfjord kommune	2015/2502	
PS 11/16	Grønn strategi – Klima- og energihandlingsplan for Bergen 2015 - høyringssvar frå fylkeskommunen	2015/11703	
PS 12/16	Revisjon av kommuneplan for Fedje 2015	2015/11805	
PS 13/16	Nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. – 14. juni 2016. Søknad om tilskot. Politisk representasjon	2015/12809	
PS 14/16	Modellbibliotek i Hordaland i 2016	2015/8955	
PS 15/16	Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Prioritering av søknader til Riksantikvaren 2016	2015/8551	
PS 16/16	Fullmakter på kulturområdet i 2016	2015/12714	
PS 17/16	Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2016	2014/24411	
PS 18/16	Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Retningslinjer.	2015/898	
PS 19/16	Stønad etter vedtak - nye/reviderte tilskotsordningar med innretning og kriteria	2015/12714	
PS 20/16	Landssamanslutninga av nynorskkommunar - Utsending til landsting i 2017	2015/12854	

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Kjell Håland (A) påpeikte at sakspapira til dette møtet kom fem dagar før møtet. Han bad om at sakspapira i framtida vert sendt ut seinast ei veke før utvalsmøta.

Sigbjørn Framnes (FrP) stilte spørsmål ved kvifor utvalet mottek saker som høyrer heime i utval for miljø og samferdsel. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte m.a. at sakene vert sendt ut etter gjeldande delegasjonsreglement. Reglementet skal endrast.

Vedtak

Innkallinga og saklista vart godkjend med merknadene ovanfor.

PS 2/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Vedtak

Møteprotokollen frå utval for kultur, idrett og regional utvikling 11.11.2015 vart godkjend utan merknader

PS 3/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

I samband med RS 2/16 "Folkevaldopplæring med tema verdsarven Vestnorsk fjordlandskap og Nærøyfjorden Verdsarvpark" bad **Gunn Berit Lunde Aarvik (A)** om at utvalet i eit seinare møte får presentasjon av temaet verdsarv.

PS 4/16 Skisseprosjekt for ombygging av Sentralbadet

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune stiller seg bak gjennomføringa av eit skisseprosjekt for Sentralbadet som skissert i saka.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende til finansieringa av Hordaland fylkeskommune, til dømes gjennom løyving frå tilskotsordninga «tilskot til kulturhus med regionale funksjonar» eller fondsavsette ubrukte midlar frå same ordninga, når fordelinga av kostnadene er avklart.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, Frp og H fram slikt forslag:

"Alternativt punkt 2:

Fylkesutvalet legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende til finansiering av skisseprosjektet når fordelinga av kostnadene er avklart."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen forslag for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune stiller seg bak gjennomføringa av eit skisseprosjekt for Sentralbadet som skissert i saka.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende til finansiering av skisseprosjektet når fordelinga av kostnadene er avklart.

PS 5/16 Regional transportplan Hordaland 2018-2028 - vedtak av planprogram

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek med dette planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 med fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksframlegget.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek med dette planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 med fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksframlegget.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 14.01.2016

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

"Tillegg til innstillinga:

1. Transportplanen legg opp til nullvekst i personbiltrafikk som mål, men innanfor Bergen må målet vere 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020, med 2013 som basisår.
2. Ei styrking av kollektivtilbodet er viktig, bompengteinntekter skal derfor bidra til drift av kollektivtransport.
3. Det bør utarbeidast ein plan for utviding av trolleybussnettet og bussnett for nullutsleppsbusar i Bergensområdet.
4. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppa bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
5. Ingen rullebane 2 på Flesland."

Røysting

Hammer sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 7 røyster (H, Frp, KrF, 1Sp).
Hammer sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp).
Hammer sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Hammer sitt forslag punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).
Hammer sitt forslag punkt 5 fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vedtek med dette planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 med fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksframlegget.
2. Transportplanen legg opp til nullvekst i personbiltrafikk som mål, men innanfor Bergen må målet vere 10 % reduksjon i biltrafikken innan 2020, med 2013 som basisår.
3. Ei styrking av kollektivtilbodet er viktig, bompengeinntekter skal derfor bidra til drift av kollektivtransport.
4. Det bør utarbeidast ein plan for utviding av trolleybussnettet og bussnett for nullutsleppsbusar i Bergensområdet.
5. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppa bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.

PS 6/16 Miljøprogram 2016

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet vedtek Miljøprogrammet for 2016, og fordeler disponible midlar under post 716.1 Miljø for 2016 slik:

Miljøpris	kr 65.000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	kr 200.000
Tilskot til miljø- og klimaprojekt	kr 485.000
SUM	kr 750.000

Fylkesrådmannen vert gjeve løyve til å gjere mindre justeringar i budsjettet ved behov.

2. Følgjande frå utval for kultur, idrett og regional utvikling vert oppnemnt til arbeidsutval for miljøpris
1.....
2.....
3.....

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

"Utsetting av sak til delegasjonsreglement er avklart."

Framnes trekte forslaget sitt.

Kine Bratli Dale (A) gjorde på vegner av A, KrF og Sp framlegg om at Beate Husa og Kjell Håland vert oppnemnde til arbeidsutval for miljøpris.

Sigbjørn Framnes (Frp) gjorde framlegg om Gunnar Bakke.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.
Dale og Framnes sine forslag vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek Miljøprogrammet for 2016, og fordeler disponible midlar under post 716.1 Miljø for 2016 slik:

Miljøpris	kr 65.000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	kr 200.000
Tilskot til miljø- og klimaprojekt	kr 485.000
SUM	kr 750.000

Fylkesrådmannen vert gjeve løyve til å gjere mindre justeringar i budsjettet ved behov.

2. Følgjande frå utval for kultur, idrett og regional utvikling vert oppnemnt til arbeidsutval for miljøpris:
 1. Beate Husa
 2. Kjell Håland
 3. Gunnar Bakke

PS 7/16 Høyringsuttale – ny forskrift om insentivordning for film- og serieproduksjonar

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til forslaget til ein ny insentivordning, og er overtydd om at denne vil ha ein positiv effekt for å styrke filmfeltet på Vestlandet.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at budsjettgrensa på 25 millionar for spelefilmar og 10 millionar for dokumentarfilm er så høg at den vil ekskludere mange prosjekt initierte frå norske filmmiljø. Hordaland Fylkeskommune vil derfor oppmode departementet om å revurdere budsjettgrensene i forskrifta.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til forslaget til ei ny insentivordning, og er overtydd om at denne vil ha ein positiv effekt for å styrke filmfeltet på Vestlandet.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at budsjettgrensa på 25 millionar for spelefilmar og 10 millionar for dokumentarfilm er så høg at den vil ekskludere mange prosjekt initierte frå norske filmmiljø. Hordaland fylkeskommune vil derfor oppmode departementet om å revurdere budsjettgrensene i forskrifta.

PS 8/16 Høyringsfråsegn kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016 - 2026 - Radøy kommune

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål, strategiar og handlingsprogram svarer på aktuelle utfordringar i Radøy kommune, og rår til at gjennomføringa av kommunedelplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål, strategiar og handlingsprogram svarer på aktuelle utfordringar i Radøy kommune, og rår til at gjennomføringa av kommunedelplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

PS 9/16 Høyring Kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet 2015-2022 Bømlo kommune

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål, strategiar og handlingsprogram svarer på aktuelle utfordringar i Bømlo kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av kommunedelplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål, strategiar og handlingsprogram svarer på aktuelle utfordringar i Bømlo kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av kommunedelplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

PS 10/16 Høyringsfråsegn kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv Eidfjord kommune

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål, strategiar og handlingsprogram svarer på aktuelle utfordringar i Eidfjord kommune, og rår til at gjennomføringa av kommunedelplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål, strategiar og handlingsprogram svarer på aktuelle utfordringar i Eidfjord kommune, og rår til at gjennomføringa av kommunedelplanen vert prioritert i økonomiplanen.

2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

PS 11/16 Grønn strategi – Klima- og energihandlingsplan for Bergen 2015 - høyringssvar frå fylkeskommunen

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til at Bergen kommune i 2015 har rullert sin Klima- og energihandlingsplan, kalla «Grønn Strategi».
2. Fylkesutvalet ønskjer å samarbeide med Bergen kommune om «Grønn strategi» på områder av felles interesse.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 2:
Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknader i saka."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Håland sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (H, Frp).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som punkt 3 i innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet er positiv til at Bergen kommune i 2015 har rullert sin Klima- og energihandlingsplan, kalla «Grønn Strategi».
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknader i saka.
3. Fylkesutvalet ønskjer å samarbeide med Bergen kommune om «Grønn strategi» på område av felles interesse.

PS 12/16 Revisjon av kommuneplan for Fedje 2015

Forslag til vedtak

1. Det er positivt at Fedje kommune har sendt revidert arealdel til kommuneplan, på høyring. Dette sikrar at kommunen har eit oppdatert plangrunnlag, med føreseieleg rammer for framtidig arealutvikling og vern av verdiar og lokalt særpreg.
2. Utval for kultur-, idrett- og regional utvikling ber om at fortetting skjer i eksisterande bygningsstruktur, primært rundt vågane i nord, for å styrke senterutvikling og Fedje sitt særpreg som «landsbyen i havet». Byggesona bør i størst mogeleg grad bli vidareført for å verne om karakteristisk byggemønster og landskapstrekk på Fedje. Utviding av byggesonen og oppdeling av samanhengande grønstruktur er ikkje ønskeleg av omsyn til landskap, strandsone og friluftssinteresser.
3. Utval for kultur-, idrett- og regional utvikling rår til at alle kjente kulturminna vert vist på kommuneplankartet.
4. Utval for kultur-, idrett- og regional utvikling rår til at areal for akvakultur ved Hjeltevarden vert revidert i samband med pågåande revisjon av kommuneplanens arealdel.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det er positivt at Fedje kommune har sendt revidert arealdel til kommuneplan på høyring. Dette sikrar at kommunen har eit oppdatert plangrunnlag, med føreseielege rammer for framtidig arealutvikling og vern av verdiar og lokalt særpreg.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at fortetting skjer i eksisterande bygningsstruktur, primært rundt vågane i nord, for å styrke senterutvikling og Fedje sitt særpreg som «landsbyen i havet». Byggesona bør i størst mogeleg grad bli vidareført for å verne om karakteristisk byggemønster og landskapstrekk på Fedje. Utviding av byggesonen og oppdeling av samanhengande grønstruktur er ikkje ønskeleg av omsyn til landskap, strandsone og friluftsiinteresser.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at alle kjente kulturminne vert viste på kommuneplankartet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at areal for akvakultur ved Hjeltevarden vert revidert i samband med pågåande revisjon av kommuneplanens arealdel.

PS 13/16 Nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. – 14. juni 2016. Søknad om tilskot. Politisk representasjon

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser Halmstadkonferansen i Bergen 2016 som ein viktig arena for utvikling av nordiske folkebibliotek
2. Fylkesutvalet løyver kr 100.000,- til nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. - 14. juni 2016. Løyvinga dekkast av fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ser Halmstadkonferansen i Bergen 2016 som ein viktig arena for utvikling av nordiske folkebibliotek.
2. Fylkesutvalet løyver kr 100.000,- til nordisk bibliotekkonferanse i Bergen 12. - 14. juni 2016. Løyvinga vert dekt av fylkesutvalet sin tilleggsøyvingskonto.

PS 14/16 Modellbibliotek i Hordaland i 2016

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek følgjande fordeling av fylkeskommunale midlar til modellbibliotek i 2016:

<i>Søkjær:</i>	<i>Tiltak:</i>	<i>Støtte:</i>
Askøy kommune	Askøy folkebibliotek	Søknaden vert avvist
Eidfjord kommune:	Eidfjord folkebibliotek	kr 100.000,-
Fedje kommune	Fedje folkebibliotek	kr 100.000,-
Fitjar kommune	Fitjar folkebibliotek	kr 100.000,-
Fjell kommune	Fjell folkeboksamling	Avslag
Os kommune	Os folkebibliotek	Avslag

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at prosjekt frå Os folkebibliotek får fagleg hjelp i prosjekt *Sterk, spennig og klar*.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek at restmidlar på 5.000,- vert førte over til prosjekt *Sterk, spennig og klar*

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek følgjande fordeling av fylkeskommunale midlar til modellbibliotek i 2016:

<i>Søkjær:</i>	<i>Tiltak:</i>	<i>Støtte:</i>
Askøy kommune	Askøy folkebibliotek	Søknaden vert avvist
Eidfjord kommune:	Eidfjord folkebibliotek	kr 100.000,-
Fedje kommune	Fedje folkebibliotek	kr 100.000,-
Fitjar kommune	Fitjar folkebibliotek	kr 100.000,-
Fjell kommune	Fjell folkeboksamling	Avslag
Os kommune	Os folkebibliotek	Avslag

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling rår til at prosjekt frå Os folkebibliotek får fagleg hjelp i prosjekt *Sterk, spennig og klar*.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek at restmidlar på 5.000,- vert førte over til prosjekt *Sterk, spennig og klar*.

PS 15/16 Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Prioritering av søknader til Riksantikvaren 2016

Forslag til vedtak

1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling reviderer vedteken prioriteringsliste for Bevaringsprogram for utvalte arkeologiske kulturminne til å inkludera følgjande kulturminne:
 - Håkonshaugen i Lindås kommune (Askeladden-ID 66400)
 - Kulturminne på Vinje i Voss kommune (Askeladden-ID 64255, mfl.)
 - Pikhagen på Halsnøy i Kvinnherad kommune (Askeladden-ID 6391)
 - Gravhaug på Lunde i Voss kommune (Askeladden-ID 60499)
2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling sender alle innkomne søknader vidare til Riksantikvaren med følgjande prioritering.

- 1) Kulturminne på Rommetveit
 - 2) Sokkamyro, Bømlø
 - 3) Håkonshaugen, Lindås
 - 4) Alle øvrige prosjekt er prioritert likt av Hordaland fylkeskommune. Der det er kome inn fleire søknader frå same kommune ber Utval for kultur, idrett og regional utvikling om at det vert lagt vekt på kommunal prioritering.
3. Hordaland fylkeskommune vil i 2016 prioritera oppfølging av dei omsøkte prosjekta, samt ferdigstilling av fleirårige prosjekt som vart starta opp i 2015.
 4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber administrasjonen om å fremje ny sak om fordeling av kr 200.000,- til BARK-ordninga etter at dei nasjonale prioriteringane ligg føre.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling reviderer vedteken prioriteringsliste for Bevaringsprogram for utvalte arkeologiske kulturminne til å inkludera følgjande kulturminne:
 - Håkonshaugen i Lindås kommune (Askeladden-ID 66400)
 - Kulturminne på Vinje i Voss kommune (Askeladden-ID 64255, mfl.)
 - Pikhaugen på Halsnøy i Kvinnherad kommune (Askeladden-ID 6391)
 - Gravhaug på Lunde i Voss kommune (Askeladden-ID 60499)
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sender alle innkomne søknader vidare til Riksantikvaren med følgjande prioritering:
 - 1) Kulturminne på Rommetveit
 - 2) Sokkamyro, Bømlø
 - 3) Håkonshaugen, Lindås
 - 4) Alle øvrige prosjekt er prioritert likt av Hordaland fylkeskommune. Der det er kome inn fleire søknader frå same kommune, ber utval for kultur, idrett og regional utvikling om at det vert lagt vekt på kommunal prioritering.
3. Hordaland fylkeskommune vil i 2016 prioritera oppfølging av dei omsøkte prosjekta, samt ferdigstilling av fleirårige prosjekt som vart starta opp i 2015.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber administrasjonen om å fremje ny sak om fordeling av kr 200.000,- til BARK-ordninga etter at dei nasjonale prioriteringane ligg føre.

PS 16/16 Fullmakter på kulturområdet i 2016

Forslag til vedtak

Forslag om delegasjon til fylkesrådmannen omfattar følgjande postar i budsjettet:

1. Post 400.720:
Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff 150 000 kr
Kulturavtale Basse-Normandie 210 000 kr
Internasjonalt kultursamarbeid 180 000 kr.
Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere midlane.
2. Post 400. 730 Vaksenopplæring.
Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele midlar til vaksenopplæring etter vedtekne retningslinjer og innanfor dei budsjettrammer som fylkestinget har godkjent i fylkeskommunen sitt årsbudsjett.

3. Post 400.620 Ålmenne kulturvernføremaal, « Prosjekt Bryggen». Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 220 000 kroner til satsing på formidling av Verdsarvstaden Bryggen i regi av Bymuseet i Bergen og Museum Vest.
4. Post 400.630 «Kulturminneregistrering». Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 100 000 kr til dokumentasjon av kulturminne gjennom registrering og kartfesting.
5. Post 400.650 «Kompetansebyggjande tiltak kulturminne». Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 200 000 kr til arbeidet med den historiske byen Bergen og til å styrkje kulturminneforvaltinga si kunnskap om den historiske byen i høve planprosessar, formidlingstiltak og utviklingsprosjekt.
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan idrett og friluftsliv i følgjande postar 400.410, 400.420 og 400.450:

Post 400.410:

1. Fylkespremiar
2. Campus Bergen kr 100.000

Post 400.420:

1. Støtte til regionale arrangement for mennesker med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse kr 156.000
2. Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjonar kr 208.000

Post 400.450:

1. Tilskot til merking og gradering av turstiar kr 770.000 og tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen kr 1.100.000, til saman kr 1.880.000 til fordeling.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag om delegasjon til fylkesrådmannen omfattar følgjande postar i budsjettet:

1. Post 400.720:
Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh og Cardiff 150 000 kr
Kulturavtale Basse-Normandie 210 000 kr
Internasjonalt kultursamarbeid 180 000 kr.
Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere midlane.
2. Post 400. 730 Vaksenopplæring.
Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele midlar til vaksenopplæring etter vedtekne retningslinjer og innanfor dei budsjetttrammer som fylkestinget har godkjent i fylkeskommunen sitt årsbudsjett.
3. Post 400.620 Ålmenne kulturvernføremaal, « Prosjekt Bryggen». Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 220 000 kroner til satsing på formidling av Verdsarvstaden Bryggen i regi av Bymuseet i Bergen og Museum Vest.
4. Post 400.630 «Kulturminneregistrering». Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 100 000 kr til dokumentasjon av kulturminne gjennom registrering og kartfesting.
5. Post 400.650 «Kompetansebyggjande tiltak kulturminne». Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 200 000 kr til arbeidet med den historiske byen Bergen og til å styrkje kulturminneforvaltinga si kunnskap om den historiske byen i høve planprosessar, formidlingstiltak og utviklingsprosjekt.
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele/disponere tilskota innan idrett og friluftsliv i følgjande

postar 400.410, 400.420 og 400.450:

Post 400.410:

1. Fylkespremier
2. Campus Bergen kr 100.000

Post 400.420:

1. Støtte til regionale arrangement for mennesker med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse kr 156.000
2. Konferansar/ kompetanse knytt til aktivitets- og anleggsutvikling i kommunar og organisasjonar kr 208.000

Post 400.450:

1. Tilskot til merking og gradering av turstiar kr 770.000 og tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen kr 1.100.000, til saman kr 1.880.000 til fordeling.

PS 17/16 Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2016

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre vidare ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2016.
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen nytte dei 4 indikatorane knytte til resultatområde 2.2. Kulturminne og kulturmiljø i statsbudsjettet for 2016 i arbeidet med regional planstrategi.
3. Fylkesutvalet ber om at det vert satsa særskilt på samarbeid med lokale styresmakter, eigarar og frivillige, og på styrking av kulturminnefagleg kompetanse i kommunane.
4. Fylkesutvalet ber om at kulturminne og kulturmiljø vert lagt vekt på som ressurs i stad- og byutvikling.
5. Fylkesutvalet ynskjer å styrke fylkeskommunen si rolle som regional kulturminnestyresmakt og få overført større ansvar etter kulturminnelova.
6. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen arbeider vidare med å forenkle og effektivisere tilskotsforvaltinga.
7. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen gjev dei uavslutta fredings sakene høg prioritet.
8. Fylkesutvalet ber om at arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Hordaland vert prioritert.
9. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for nye prosjekt der verdiskapingsarbeidet vert utvikla som del av ei langsiktig forvalting av kulturminne, kulturmiljø og landskap i Hordaland.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre vidare ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2016.
2. Fylkesutvalet ber administrasjonen nytte dei 4 indikatorane knytte til resultatområde 2.2. Kulturminne og kulturmiljø i statsbudsjettet for 2016 i arbeidet med regional planstrategi.

3. Fylkesutvalet ber om at det vert satsa særskilt på samarbeid med lokale styresmakter, eigarar og frivillige, og på styrking av kulturminnefagleg kompetanse i kommunane.
4. Fylkesutvalet ber om at kulturminne og kulturmiljø vert lagt vekt på som ressurs i stad- og byutvikling.
5. Fylkesutvalet ynskjer å styrke fylkeskommunen si rolle som regional kulturminnestyresmakt og få overført større ansvar etter kulturminnelova.
6. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen arbeider vidare med å forenkle og effektivisere tilskotsforvaltinga.
7. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen gjev dei uavslutta fredingssakene høg prioritet.
8. Fylkesutvalet ber om at arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Hordaland vert prioritert.
9. Fylkesutvalet ber administrasjonen legge til rette for nye prosjekt der verdiskapingsarbeidet vert utvikla som del av ei langsiktig forvalting av kulturminne, kulturmiljø og landskap i Hordaland.

PS 18/16 Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Retningslinjer.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek at retningslinjer for *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar*, slik dei er framlagt av saka, vil gjelde frå og med 2016.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilskotsmidlane etter desse retningslinjene. Søknad om dispensasjon skal leggjast fram for Utval for kultur, idrett og regional utvikling til handsaming før fylkesrådmannen fordeler tilskotsmidlane.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek at retningslinjer for Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar, slik dei er framlagt av saka, vil gjelde frå og med 2016.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilskotsmidlane etter desse retningslinjene. Søknad om dispensasjon skal leggjast fram for utval for kultur, idrett og regional utvikling til handsaming før fylkesrådmannen fordeler tilskotsmidlane.

PS 19/16 Stønad etter vedtak - nye/reviderte tilskotsordningar med innretning og kriteria

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til retningslinjer og kriteria for ordninga *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* slik dei går fram av saka.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til retningslinjer og kriteria for ordninga *Kulturtiltak – amatør* slik dei går fram av saka.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til retningslinjer og kriteria for ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* slik dei går fram av saka.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til retningsliner og kriterium for ordninga *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* slik dei går fram av saka.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til retningsliner og kriterium for ordninga *Kulturtiltak – amatør* slik dei går fram av saka.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til retningsliner og kriterium for ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* slik dei går fram av saka.

PS 20/16 Landssamanslutninga av nynorskkommunar - Utsending til landsting i 2017

Forslag til innstilling

Til å representere Hordaland fylkeskommune sine fem røyster i landstinget 2017 i Landssamanslutninga av nynorskkommunar vertoppnemnd.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Christer Lilleskare Olsen (H) gjorde framlegg om May Eva Sandvik som representant for Hordaland fylkeskommune i landstinget 2017 i Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

Kjell Håland (A) gjorde framlegg om Beate Husa som representant og Gunn Berit Lunde Aarvik som personleg vara for Husa.

May Eva Sandvik (H) gjorde framlegg om Christer Lilleskare Olsen som personleg vara for Sandvik.

Røysting

Forslaga frå Olsen, Håland og Sandvik vart samrøystes vedtekne som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Til å representere Hordaland fylkeskommune sine fem røyster i landstinget 2017 i Landssamanslutninga av nynorskkommunar vert May Eva Sandvik og Beate Husa oppnemnde.

Gunn Berit Lunde Aarvik vert oppnemnd som personleg vara for Beate Husa.

Christer Lilleskare Olsen vert oppnemnd som personleg vara for May Eva Sandvik.

PS 21/16 Ymse

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 4-20/16.

Brosjyra "Vestkystparken" vart delt ut.

ORIENTERINGAR

- Styreleiar Helge Johnsen og dagleg leiar Knut Songve orienterte om **Hordaland idrettskrets**.
- Dagleg leiar Helene Ødven og naturvernansvarleg Nicolas Roderiquez orienterte om **Hordaland turlag**.

YMSE/OPEN TIME

I samband med behandling av PS 18/15 "Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Retningslinjer", bad **May Eva Sandvik (H)** om at utvalet får ei kort orientering om dei ulike tilskotsordningane i neste møte. Resten av utvalet slutta seg til dette.

Kine Bratli Dale (A) bad om at utvalet så snart som mogleg får datoar for ei eventuell studietur/vitjing. Det er ein fordel om reisa kan gjennomførast så tidleg som mogleg i perioden. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett vil kome tilbake med datoar.

På vegner av lag og organisasjonar spurde **Gunn Berit Lunde Aarvik (A)** og utvalsleiar **Beate Husa (Krf)** om når dei kan vente svar på søknadene sine om driftsstøtte for 2016. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett svarte at søknadene vart behandla av fylkestinget i samband med budsjettbehandlinga i desember 2015. Tilsegnings- og avslagsbrev til dei som har søkt vil verte sendt ut innan utgangen av januar. Til neste budsjettprosess vil fylkesdirektøren utarbeide eit samla oversyn over mottekne søknader.

Kjell Håland (A) stilte spørsmål om korleis dei folkevalde bør handtere personlege brev frå verksemdar og andre som er involverte i saker der det kan kome motsegner. Fylkesdirektør regional utvikling vil syte for at utvalet får ei orientering om saksbehandling av plansaker i neste møte.

May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål om korleis dei folkevalde i utvalet skal handtere alle invitasjonane til deltaking på ulike arrangement/kurs/konferansar. Utvalsleiaren svarte at dersom arrangementet er lagt fram som referatsak i utvalet, kan utvalet ta stilling til evt. deltaking. Den enkelte kan kontakte møteleiaren for å få evt. godkjent deltaking på vegner av utvalet dersom invitasjonen ikkje er fanga opp av administrasjonen.

På bakgrunn av spørsmål frå utvalsleiar **Beate Husa (Krf)** om det skal etablerast eit fast "synfaringsutval" slik det var i førre fylkestingsperiode, vart utvalet samde om at det ikkje skal vere ei fast gruppe som reiser på synfaringar. Minimum tre folkevalde bør delta på synfaringane.

Utvalsleiar **Beate Husa (Krf)** bad om å få lagt fram sak om følgjande:

"Eg ber om at utval for kultur, idrett og regional utvikling får til handsaming ei sak der endring frå treårig til eittårig tilskot av driftsmidlar på kulturmidlar vert utgreidd."